Kandidatnummer: 111XXX-Y	Arknummer: 1
Fagkode: NOR1268	Totalt antall ark: 4

Oppgåve 1

Musikk og kjensler.

Musikk vekker kjensler i dei fleste menneske. For nokon er det kanskje berre lydar og tonar som gir ein trong til å synge eller danse, men for andre rører det ved noko djupare. Slik verkar det å vere for Johnny, som vi møter i utdraget frå romanen *Og været skiftet og det ble sommer og så videre*, skriven av Pedro Carmona-Alvarez (2012). Her nyttar Carmona-Alvarez fleire verkemiddel for å skildre forholdet Johnny har til musikk.

Forfattaren nyttar metaforar for å beskrive korleis Johnny opplever at Springsteens musikk påverkar synet hans på livet, som at han: «... hadde fått utdelt et puslespill med tusen biter og uten å anstrenge seg hadde satt det perfekt sammen ...». Dette kan kanskje tolkast som at livet gir meining når han høyrer på Springsteens musikk. Carmona-Alvarez bruker også verkemiddelet besjeling idet han gir ei visuell framstilling av korleis den eine songen verkeleg grip Johnny, når den «gjorde et byks i hans retning» og «grep ham om håndleddene og strupen og hjertet». Det er som om den overfell han, og tar ifrå han evna til å puste og registere noko anna enn musikken som omgir han.

Carmona-Alvarez nyttar også ein simile for å skildre korleis Johnny blir dratt tilbake til ei bekymringslaus ungdomstid av musikken: «Det varme sommerregnet ...» er som «... et løfte om evig lykke». På denne måten gjer musikken at ungdomstida metaforisk blir «svøpt inn i toner og fraser».

Som ei oppsummering kan ein kanskje seie at Johnnys forhold til musikk i dette utdraget er som eit kjærleiksforhold, som gir han djupe kjensler, trøyst og vekker gode minner. Carmona-Alvarez skildrar dette forholdet gjennom bruk av verkemiddel som metaforar, besjeling og simile.

Kjeldeliste

Carmona-Alvarez, P. (2012). *Og været skiftet og det ble sommer og så videre*. Kolon forlag.

Kandidatnummer: 111XXX-Y	Arknummer: 2
Fagkode: NOR1268	Totalt antall ark: 4

Oppgåve 4

K for klima

Klimakrisa er noko som bidrar til mykje utryggleik og uro blant menneske i dag. Rolf Jacobsen, ein kjend modernistisk forfattar, utvikla på 1970-talet eit bevisst forhold til miljøet, og mange av tekstane hans frå denne tida er tydelege døme på dette (Wærp, 2024). Dikta «Til jorden (med vennlig hilsen)», skrive av Jacobsen i 1975, og «k for kloden» skrive av Karl Seglem i 2022, framstiller jordkloden og menneska som lever på den, på kvar sin måte.

I diktet «Til jorden (med vennlig hilsen)», kan ein kanskje seie at Jacobsen ønsker å tematisere korleis vi menneske kan ta lærdom av jorda sjølv. Det kan verke som at han meiner at det ikkje er jorda det er noko galt med, men heller menneska som bur på ho. Den gjentatte bruken av ordet «balanse» når han snakkar om jorda, kan tyde på dette. Han skriv til dømes «- lån oss litt av din balanse, din ro ...», som at det er nettopp dette vi menneske treng nå. Modernistiske tekstar er ofte prega av ei form for framandkjensle, der mennesket kjenner seg fråkopla frå naturen, samfunnet og frå andre menneske. Ofte blir også kjensla av angst skildra. Dette kan ein også merke i Jacobsens dikt, der det kan verke som at menneska kjenner på ein slags eksistensiell angst: «... vi går rundt og er redde hver dag/for alt som kan komme».

Modernistane har ofte eit syn på verda som noko kaotisk, og opplever ho som vanskeleg å forstå. Dette kjem også fram i diktet til Jacobsen, der det kan verke som at kaoset er forårsaka av menneska sjølv. Dette ser ein døme på når det lyriske eg-et seier: «... vi gjør livet om til død overalt vi ferdes». Fabrikkane blir besjela, idet dei: «... arbeider dag og natt med utslettelsesvåpnene». Ordet «Utslettelsesvåpen» gir konnotasjonar til død og øydelegging, men sidan det er menneska som står bak fabrikkane som blir nemnde, kan ein kanskje teksten metaforisk, som at det er vi menneska som utslettar oss sjølv.

Kandidatnummer: 111XXX-Y	Arknummer: 3
Fagkode: NOR1268	Totalt antall ark: 4

Når det gjeld forma er diktet skrive på frie vers, utan fast rim og rytme, noko som bryt med tradisjonen. Dette er også typisk for modernistisk dikting, sjølv om det bør nemnast at det å skrive dikt på frie vers ikkje lenger var noko uvanleg på 1970-talet.

I Seglems dikt «k for kloden» kan temaet kanskje seiast å vere jorda si undergang. Forfattaren nyttar gjentaking av bokstaven «k» som eit verkemiddel, og knyter denne bokstaven saman med ord som gir konnotasjonar til katastrofe, til dømes «kollaps», «krig» og «krise». Det modernistiske synet på verda kjem også fram i dette diktet. På same måte som i Jacobsens dikt, kan det sjå ut som at menneska er dei som er årsaka til kaos og øydelegging.

Også her blir det nytta besjeling, når det lyriske eg-et seier: «... kolgruvene sluker landskapet». I likskap med Jacobsens dikt, kan også Seglem sin tekst tolkast metaforisk. Det er menneska som har skapt kolgruva, og det er derfor menneska som et opp landskapet. Dette diktet er også skrive på frie vers, men kanskje kan ein seie at Seglem sitt dikt har eit enda tydlegare modernistisk preg enn Jacobsens dikt, sidan det forfattaren i dette diktet ikkje nyttar noka teiknsetting som skapar naturlege pausar og gjer diktet lettare å lese. Seglem blandar også høgpoetiske og kvardagslege element, som «bålrøyk» og «brennande berg», noko som også er eit kjenneteikn på modernisme.

Ein kan kanskje seie at Seglems dikt har eit apokalyptisk preg, der ein ikkje finn noko håp. Det kan verke som at menneska her har grave sin eigen grav, utan nokon veg ut, medan ein i Jacobsens dikt kan sjå ein snev av ei lysare framtid, viss vi kan ta lærdom av jorda og måten ho eksisterer på.

Som ei oppsummering kan ein seie at ein finn fleire modernistiske trekk i begge dikta, spesielt kjensla av framandgjordheit, der det har skjedd ei slags fråkopling mellom menneske og jorda vår. Dikta framstiller dette på kvar sin måte, med eit meir optimistisk preg i Jacobsens dikt enn ein kan sjå i diktet til Seglem.

Kjeldeliste

Jacobsen, R. (1975). *Pusteøvelse*. Gyldendal Norsk Forlag.

Kandidatnummer: 111XXX-Y	Arknummer: 4
Fagkode: NOR1268	Totalt antall ark: 4

Seglem, K. (2022). *Djup redsle. Djup ro*. Samlaget.

Wærp, Henning Howlid: *Rolf Jacobsen* i *Store norske leksikon* på snl.no. Hentet 18. november 2024 fra https://snl.no/Rolf_Jacobsen